



Til kommunar og vidaregåande skular som har gjennomført Ungdataundersøkingar våren 2017

## Invitasjon til fagdag om resultata frå Ungdataundersøkinga våren 2017

På initiativ frå Hordaland fylkeskommune og Kompetansesenter Rus –region Vest Bergen (KoRus) vart det våren 2017 gjennomført Ungdataundersøkingar i fleire kommunar og i vidaregåande skular i Hordaland. På eit seminar i juni vart resultata på fylkesnivå presenterte.

Vi ønskjer med dette å invitere til ein lokal fagdag om resultata. Kvar kommune kan stille med fem-seks personar. Føremålet er å få i gang ein diskusjon og ei vurdering av kommunane og dei vidaregåande skulane sine lokale Ungdataresultat. Målsettinga er å få dialog på tvers av avdelings- og forvaltningsnivå. I fellesskap kan vi utvikle ei betre forståing for resultata og innsikt i korleis denne kunnskapen kan brukast for å gjere arbeidet i kommunen enda betre. Det kan vere i det praktiske arbeidet, i planarbeid, i folkehelseoversikt, planlegging/igangsetting av førebyggjande tiltak, undervisning i skulen, eller anna. Gjennom å samle kommunar regionvis, vil dette opne for å sjå på utfordringar og løysingar også på tvers av kommunegrensene.

Vi oppmodar til deltaking frå fleire og ulike eininger som til dømes samfunnsplanleggjarar, rektorar, elevinspektørar, representantar frå politisk nivå, teknisk sektor, folkehelsekoordinator, eller andre som har mynde, interesse og påverknad på arbeidet overfor barn og unge i kommunen. Vi oppmodar kommunen til og å invitere med representantar frå elevråd og ungdomsråd til fagdagen.

I Region Nordhordland (Invitasjonen går til Austrheim, Radøy, Meland, Masfjorden, Modalen, Vaksdal og Osterøy kommunar, samt Knarvik og Osterøy vgs. Lindås kommune er og velkomen til å delta, særleg med tanke på at Knarvik vidaregåande skule har gjennomført undersøkinga i år.) har vi følgjande forslag til dato:

*Fra*  
**Onsdag 20. oktober 2017**

Det er fint om ein av kommunane i regionen ønskjer å vere vertskap for fagdagen. Det inneber å stille møtelokale og teknisk utstyr til rådvelde. Fylkeskommunen og KoRus vil dekke utgifter til enkel lunsjservering. Vi vil innan kort tid kontakte nokre av kommunane direkte om dette.

Ved spørsmål og påmelding (**innan 25.sept**) ta kontakt med:

Aina Haugstad, Hordaland fylkeskommune, tlf: 977 00 413 | e-post: [Aina.Haugstad@hfk.no](mailto:Aina.Haugstad@hfk.no) eller  
Randi Vartdal Knoff, KoRus vest Bergen, tlf: 5590 8632 | e-post:  
[randi.vartdal.knoff@bergensklinikken.no](mailto:randi.vartdal.knoff@bergensklinikken.no)

Svein Leidulf Heggheim  
Fylkesdirektør, opplæring  
Hordaland Fylkeskommune

Bård Sandal  
Fylkesdirektør, regional utvikling  
Hordaland fylkeskommune

Vibeke Johannessen  
Avdelingsdirektør  
KoRus Vest Bergen